

## SKULDALSBRURI

Det var ein gong ei jente som heitte Signe Skuldal. Faren var rik, og ho var einaste arvingen til den fine Skuldalsgarden. Derfor var friarane mange. Men Signe sa nei til dei alle. Ho hadde blitt glad i ein husmannsgut. Faren sette seg imot at ho skulle ha noko med han å gjere, og til sist gjekk ho med på å gifte seg med ein rik odelsgut.

Om kvelden dansa dei i bryllupsgarden, og det var ingen som la merke til at bruri sneik seg ut. I måneskinnet sprang ho ned til ei liti tjønn. Der drukna Signe seg. Ho orka ikkje leva når ho ikkje fekk den ho ville ha.

Skuldalsbruri hev eg dikta om  
så fin ein feleslått.  
Det var spelemann, han Eivind,  
som dikta den så godt.  
Han var plassgut på garden,  
plassen Grovi var han frå.  
Hannom elska eg, sa Signe,  
men det må`kje far min sjå.